

Borgarundersøkinga Kinn 2025

Korleis det er å bu og leve i
Kinn kommune

Om undersøkinga



FORMÅL

Borgarundersøkinga i Kinn i 2025 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbud og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati. I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekk fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Kinn kommune som en god plass å bu og leve.



UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 1123 innbyggjarar i Kinn kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vekta på kjønn og alder i kommunen, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (og kjent som populasjonen) i Kinn kommune. Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 05.03.2025 til 26.03.2025.



PRESENTASJON AV RESULTATANE


I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Kinn kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkle tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*



TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Kinn og gjennomsnittet for kommunar med under 10.000 innbyggjar. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Kinn kommune og kommunar av same storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. Ein forskjell på 3 kan være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjellar. Ein fullstendig oversikt over alle spørsmåla er i vedlegget.

Borgarmodellen



HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit** og **Omdøme**.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: Omdøme**.

KONTROLLMÅL


Tilknyting og tilhøyrse er eit mål som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknyting og tilhøyrse til kommunen, men vi spør og om deira tilknyting til lokalsamfunnet. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultatata (skårane)
80 og over	Framifrå
70–79	Godt
60–69	Nokså godt
50–59	Middels
40–49	Svak
Under 40	Dårleg

Feilmargar



I ein kvar utvalsundersøking må ein operere med feilmargar for fordelingar. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmar seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med.

I denne undersøkinga med eit utval på 1123, vil feilmarginane variere frå 1,8 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 2,9 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling.

Figuren til venstre viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalsstorleikar og fordelingar.


Med ein svarprosent på 28 % (1123 av 4000 inviterte), er det god respons på borgarundersøkinga.

02


Om respondentane



Om respondentane



Om respondentane



03

Resultat



Kva viser resultatata?

PRESENTASJON AV RESULTAT

Kinns resultat i 2025 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande tyder det at det ikkje er signifikante skilnadar, og sjølv om det kan være ein forskjell i skår er den ikkje statistisk signifikant. Skilnaden som er naudsynt for at noko er statistisk signifikant høgare eller lågare kan variere frå spørsmål til spørsmål.

HOVUDRESULTAT

Jamt over er det nokså gode resultat for Kinn i borgarundersøkinga 2025 og det er ein tydeleg positiv utvikling over tid, spesielt er utviklinga stor frå 2023-resultatet, medan det ikkje er store skilnadar frå 2024-resultatet. Den samla kommunevurderinga (**63**) er betre enn 2023-resultatet (60), men tilsvarande som 2024-resultatet (62). Total tilfredsheit (borgarskåren) er på **64**, lågare enn i like store kommunar (70) og i Noreg totalt (72), men tilsvarande som i 2023 og 2024. Kinn får ein skår på **55** for samlemålet tenestetilfredsheit, omtrent likt som for like store kommunar (60), men lågare enn Noreg (64). Sjølv om det er ein høgare skår enn i 2023 (52) og 2024 (53), er det ikkje signifikant høgare. På omdøme får Kinn ein skår på **54**, lågare enn det nasjonale snittet og like store kommunar (hhv. 66 og 61), men tilsvarande som i 2023 og 2024.

Det er ein tydeleg alderseffekt på omdøme, der dei eldste (på over 60 år) gir ein høgare skår enn kva dei som er yngre gjer. Dei mellom 40 og 49 år har dårlegast inntrykk av kommunen, medan dei som er 70 år og eldre har det beste inntrykket. Dei eldste har og eit betre inntrykk av tenestene i kommunen. Faktoren som har størst påverknad på kor nøgd ein er med kommunen som ein stad å bu og leve, er samla kommunevurdering (sjå side 3), deretter intrykket av kommunen og tilbod og moglegheiter i kommunen. Faktorane som har størst påverknad på inntrykket respondentane har av Kinn (omdømet) er i kor stor grad dei har tillit til innbyggjarane og intrykket av kommunen som organisasjon når det gjeld samfunnsansvar og etikk. På **tenestetilfredsheit** er det dei sosiale tenestene som har størst påverknadskraft.

Det er eit svært godt resultat på spørsmålet om kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år, på **79**. Sidan 2023 har denne faktoren vore stabil og tilsvarande som i like store kommunar, men lågare enn det nasjonale gjennomsnittet (75). Inntrykket av kor

attraktivt sentrum Florø og Måløy er, har betre seg frå 2023-resultatet og er tilsvarande som det var i 2024.

TENESTER I KOMMUNEN

På samlemålet for tenestene i kommunen har Kinn ein snittskår på **58**, likt resultatet for like store kommunar (61), og høgare enn resultatet i 2023. Når vi ser på dei forskjellige tenestene i kommunen, ser vi at Kinn skårar høgare enn både jamstore kommunar, og resultatet frå 2023 på spørsmåla om fastlege og legevaktordninga (**67** mot hhv. 56 og 60), drikkevatnet (**88** mot hhv. 80 og 83), avløpssystemet (**74**), mot hhv. 65 og 67. Inntrykket av barnehagetilbodet (**68**) er betre enn i 2023 (64) noko helse- og omsorgstenester (**59** mot 51) og kommunens nettside (**57** mot 54) også er. Inntrykket av renovasjonen har utvikla seg positivt frå 2023 (49) til 2024 (53) og 2025-resultatet (**59**) er signifikant betre enn begge åra. Inntrykket av fastlege og legevaktordninga har og forbetra seg signifikant frå 2024-resultatet. Samanlikna med jamstore kommunar, skårar Kinn lågare på inntrykket av vegane (**36** mot 49), gang- og sykkelstiar (**46** mot 57). Til sist ser vi at inntrykket av byggesakshandsaminga er lågare (**34**) enn i 2023 (40) og i jamstore kommunar (48).

TILBOD OG MOGLEGHEITER

På tilbod og moglegheiter har Kinn ein samla skår på **58**, omtrent tilsvarande som i 2024 (57) og høgare enn i 2023 (56). Kinn skårar jamt over likt som jamstore kommunar, men høgare enn jamstore kommunar på jobbmoglegheiter (**65**, mot 52 i jamstore kommunar) og kulturtilbodet (**61**, mot 53 i jamstore kommunar). Kinn skårar lågare enn like store kommunar på utdanningstilbod (**48**, mot 60 i jamstore kommunar) og barne- og ungdomstilbod (**51**, mot 60 i jamstore kommunar). Innbyggjarane har best inntrykk av Kinn når det gjeld tilrettelegging for natur og friluftsliv (79), og Kinn får høgare skår på tilrettelegging for natur og friluftsliv i 2025 enn i 2023 (75). Kinn skårar også høgare i 2025 enn i 2023 på jobbmoglegheiter (**65**, mot 60 i 2023) og utdanningstilbod (**48**, mot 45 i 2023). Inntrykket av kulturtilbodet er betre i 2025 (**61**) enn det var i 2024 (58) og 2023 (54).

Innbyggjarane i Kinn har dårlegast inntrykk av Kinn når det gjeld kollektivtilbod, men her er det ein forskjell på bustad. Dei som bur i Flora har eit betre inntrykk av kollektivtilbodet (54), samanlikna med dei som bur på Vågsøy (30).

Kva viser resultatata?

Det er ein tydeleg alderseffekt på inntrykket av tilbod og moglegheiter i kommunen, der dei eldste (70 år og eldre) gir ein høgare skår på samtlege tilbod, enn kva dei som er yngre gjer. Dei yngste (under 39 år) har jamt over det dårlegaste inntrykket av kommunen på dei fleste tilbod.

TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Tryggleik målast gjennom fleire spørsmål, kor trygg ein er på at sjukehuset kan ta vare på ein om ein vert sjuk, kommunens kriseberedskap og tryggleik frå kriminalitet.

Kinn kommune opplevast som ein trygg stad å bu, der ein opplever svært stor tryggleik frå kriminalitet (**83**). Dette er ein høgare skår enn i jamstore kommunar (74) og i 2024 (79) og 2023 (76). Kriseberedskapen til Kinn vurderast til **59**, omtrent likt som jamstore kommunar og resultatata i 2024 og 2023. Til sist måler vi kor trygg ein er på at det samla sjukehusstilbodet gir deg forsvarleg behandling om ein blir sjuk – der Kinn får eit resultat på (**58**) – omtrent som i jamstore kommunar, og betre enn 2024 (53) og 2023 (50). Samla sett vurderer dermed innbyggjarane i Kinn tryggleiken i kommunen til **67**, likt som i jamstore kommunar og i 2024, men betre enn i 2023 (61).

Det er nokon kjønn- og aldersforskjellar når det gjeld vurderinga av tryggleik i kvardagen. Kvinner opplever ein større trygghet enn kva menn gjer, og det er spesielt på spørsmålet om kriseberedskap at det er ein kjønnsforskjell. Dei eldste opplever ein større tryggleik i kvardagen, enn kva dei som er yngre gjer, og den største skilnaden er på sjukehusstilbodet der dei under 30 år samla sett gjer ein snittskår på 50, medan dei som er 70 år eller eldre gjer ein snittskår på 69.

DEMOKRATI

Opplevinga av demokratiet i Kinn vart målt gjennom spørsmål om ein er tilfreds med korleis politikarane lyttar til innbyggjarane, om ein har tillit til politikarane og om ein opplever at innbyggjarane har innflyting på kommunale avgjerder. Kinn får ein skår på **34** på politikaranes lytting til innbyggjarane. Dette er ein lågare skår enn i like store kommunar (46), og likt som i 2024 og 2023. På tillit til politikarane får Kinn ein skår på **34**, lågare enn snittet i like store kommunar (46), men tilsvarande som ved tidlegare målingar i Kinn. Til slutt vurderast opplevinga av innverknad til **33**, lågare enn i like store kommunar (43),

omtrent som i 2024, men høgare enn i 2023 (30). Til saman vurderast dermed demokratiet til en samla skår på **35**, lågare som like store kommunar (43), og omtrent tilsvarande som i 2024 og 2023. Merk at demokratispørsmåla jamt over får lågare resultat enn dei andre spørsmåla, men dette er ikkje unikt for Kinn og gjelder og samanlikningsgrunnlaget.

Det er ein tydeleg alderseffekt på korleis ein vurderer demokratiet i Kinn, der dei eldste (70 år og eldre) gjer den beste vurderinga. Dei i alderen 40–49 år gjer den dårlegaste vurderinga. Kvinner gjer ein betre vurdering av demokratiet enn kva menn gjer.


INNTRYKK AV KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Kommunen som organisasjon oppnår samla sett ein skår på **55**, tilsvarande som i like store kommunar og i 2024, men høgare som i 2023 (52). Spørsmåla som utgjer målet på kommunen som organisasjon er inntrykket av kommunens klima- og miljøtiltak, informasjon til innbyggjarane og inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk. Kinn får tilsvarande resultat som jamstore kommunar og tidlegare resultat i Kinn på spørsmål om klima- og miljøtiltak (**54**, mot 56 i jamstore kommunar, 52 i 2024 og 2023) og samfunnsansvar og etikk (**50**, mot 55 i jamstore kommunar, 49 i 2024 og 50 i 2023). På informasjon til innbyggjarane skårar Kinn (**58**) tilsvarande som i jamstore kommunar (56) og høgare enn i 2024 og 2023 (54 begge år).

SAMLA KOMMUNEVURDERING


Den samla kommunevurderinga er **64**, omtrent likt som like store kommunar (62) og i 2024 (62), men høgare enn i 2023 (60). Den samla kommunevurderinga består av alle hovudmåla slått saman. På borgarskåren får Kinn ein skår på **64**, noko som er lågare enn resultatata for like store kommunar (70), men tilsvarande som 2024 og 2023. På samlemål 1: Tenestetilfredsheit får Kinn ein skår på **55**, tilsvarande som like store kommunar (60), og i 2024 og 2023 (hhv. 53 og 52). På samlemål 2: Omdøme får Kinn ein skår på **54**, lågare enn like store kommunar (61) og tilsvarande som 2024 og 2023 (53 begge år). På sentrumsattraktivitet skårar Florø **53** og Måløy **42**. Skåren for Florø er tilsvarande som i jamstore kommunar, mens skåren for Måløy er lågare enn i jamstore kommunar. Begge er høgare enn i 2023. Til sist ser vi at Kinn skårar betre enn jamstore kommunar og 2023 på spørsmåla om tilknytning, både til kommunen (**71**, mot 59 og 65) og til lokalsamfunnet (**77** mot 59 og 70).

Hovudresultat




▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2024
△/▽ = Signifikant høgare/lågare enn Kinn 2023


Tenester i kommunen




Tenester i kommunen




Tilbod og moglegheiter




Tilbod og moglegheiter




Tryggleik i kvardagen




Demokrati




Inntrykk av kommunen som organisasjon



Oppsummering



Borgarkrysset: Kinn



OM BORGARKRYSSET

Tenestetilfredsheit og omdøme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.


Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksene viser tenestetilfredsheit, og den horisontale aksene viser omdøme. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.

Resultatet for Kinn i 2025 visast med eit **blågrønt** kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale linjene møtes, er skårane til Kinn på samlemåla tenestetilfredsheit (**55**) og omdøme (**54**). Det **lysare** krysset viser resultatet for Kinn 2024.


Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdøme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.

Inntrykket av tenestetilfredsheit er omtrent tilsvarande som vi ser i Nord-Noreg, men deretter er det noko avstand til dei andre landsdelane og det nasjonale snittet.



Borgarkrysset: Kjønn




OM BORGARKRYSSET: KJØNN

Figuren til venstre viser korleis menn og kvinner i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av kjønn og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.

Kvinner er både meir nøgd med tenestene i kommunen og har eit betre inntrykk av kommunen samla sett, enn kva mennene har. Jamt over er kvinnene meir nøgd med dei forskjellige tenestene i kommunen og samla sett gir kvinnene tenestene i kommunen ein skår på 61, medan menn gir ein skår på 51, signifikant lågare. Kvinner gir og ein meir positiv skår på to tredeler av spørsmåla i undersøkinga og det er ingen spørsmål der menn gir ein høgare skår enn kvinner. Viss kvinnene ikkje er meir positive enn kva mennene er, svarer dei likt uavhengig av kjønn. Den største skilnaden er på inntrykket av restaurant/uteliv, borgarskåren, kulturtilbodet, tenestetilfredsheit og samla kommunevurdering, der kvinner gir meir enn 10 poeng høgare skår enn kva menn gjer.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.



Borgarkrysset: Alder



OM BORGERKRYSSSET: ALDER

Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Kinn plasserer seg på Borgarkrysset. Det **blågrøne** krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Kinn kommune, uavhengig av alder og det **lysare** krysset viser resultatet for like store kommunar.


Dei eldste i undersøkinga, på 70 år eller eldre, er meir nøgd med tenestene i kommunen og gir ein samleskår på 66, mot gjennomsnittet totalt på 55. Aldersskilnadane er tydelege over nesten alle spørsmåla, der dei eldste (på 70 år eller eldre), gir høgast skår på heile 80 % av spørsmåla. Det er størst avstand mellom dei yngste og dei eldste på spørsmåla om restaurant og uteliv, der dei eldste gir ein skår på 69, mot 37 for dei yngste. Kulturtilbodet, bustadtilbodet, fastlege- og legevaktordninga, har alle ein skilnad på over 20 poeng frå dei yngste som er mest negative, til dei eldste som er mest positive. For renovasjon er det og ein stor avstand til dei over 70, som er mest nøgd, men her er det dei på 30–39 år som er minst nøgd. Det er tydeleg at dei eldste er meir nøgd med kommunens tenester og tilbod og moglegheiter i kommunen enn kva dei yngste er.

Om vi deler inn aldersgruppene i under 50 år og over 50 år, er det alltid dei under 50 år som gir lågast skår og dei over 50 år som alltid gir høgast skår, gjennom heile undersøkinga. Det einaste unntaket er inntrykket ein har av kommunen som organisasjon når det gjeld informasjon til innbyggjarane, der dei under 30 år gir den høgaste skåren (62), medan det totale gjennomsnittet er 58. Dei som er minst nøgd her er dei mellom 30–39 år.

Merk at figuren er zooma inn og at aksane er annleis enn førre figur for å illustrere skilnadane mellom de ulike gruppene.



Kva har påverknad på borgarskåren?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av demokratiet i kommunen

Viktige faktorar som bør bevarast:

Tilknytning til kommunen

Faktorar som har påverknad på Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **Borgarskåren**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svarea på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksa viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksa viser kor stor påverknad de ulike faktorane har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

De **blå** faktorane er indekser, satt saman av alle spørsmåla om det temaet, dei **grønne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning og tilhøyrslse.


Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høgre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høgre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje vises i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påverknadskraft på litt over 0,6 har totalinntrykket samla kommunevurdering stor påverknad på i kor stor grad ein synest Kinn er ein god plass å bu og leve. Sjå side 3 for info om dette målet. Samanlikna med dei andre faktorane er dette faktoren med størst påverknad, men totalinntrykket av kommunen har og stor påverknad.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på tenestetilfredsheiten?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Byggesakshandsaming
Vegar

Viktige faktorar som bør bevarast:

Drikkevandet
Sosiale tenester (kan styrkast om mogleg)

Faktorar som har påverknad på tenestetilfredsheiten

Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **tenestetilfredsheiten**. Påverknadskrafta finner vi ved å leite etter mønster i svara på spørsmåla, og ser dei i samanheng med **tenestetilfredsheiten**. Tenestetilfredsheiten er samlemål 1, med spørsmålsformuleringen: «Kor nøgd totalt sett er du med dei kommunale tenestene i din kommune?». Tolkninga av figuren er elles lik som på førre side.


Med en påverknadskraft på cirka 0,25 har dei sosiale tenestene størst påverknad på kor tilfreds ein er med tenestene i kommunen. Det er mogleg å styrke denne faktoren, men det er og viktig at den ikkje reduserast. Om ein ikkje frå styrka den bør ein arbeide for å bevare inntrykket av den.

Inntrykket av handels- og servicetilbodet, eldreomsorg og kor enkelt det er å kome i kontakt med kommunen har og ein tydeleg påverknadskraft som er omtrent like stor.

Dersom inntrykket av tenestene i figuren minskar, vil det og ha ein effekt på samla tenestetilfredsheit. Resultatet her viser kva som har størst effekt på tenestetilfredsheiten, men alle faktorane i figuren har ein effekt og eit enkeltresultat kan ikkje sjåast på eller arbeidast med åleine.

Gjennomsnittskår	Tolkning av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på omdømet?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Tillit til politikarane
Opplevinga av innverknad
Inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk

Viktige faktorar som bør bevarast:

Tilrettelegging for natur- og friluftsliv
Jobbmoglegheiter

Faktorar som har påverknad på omdømet


Figuren til venstre viser dei faktorane som har størst påverknad på **omdømet**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og ser dei i samheng med **omdømet**. Målet for omdømet er samlemål 2, med spørsmålsformulering: «Kor godt inntrykk har du totalt sett av din kommune?». Tolkninga av figuren er elles lik dei tidlegare sidene.

Med en påverknadskraft på litt over 0,2 har tillit til politikarane størst påverknad, etterfølgd av inntrykket av kommunen når det gjeld samfunnsansvar og etikk. Deretter er det eit lite hopp før vi ser dei andre faktorane sin påverknadskraft. Som for tenestetilfredsheiten er det og svært mange faktorar som har ein målbar effekt på omdømet, og påverknadskrafta det visast til forutsett at dei andre faktorane ikkje reduserast. Opplevinga av innverknad har og ein klar påverknadskraft på 0,14, likt som kriseberedskapen. Men ettersom opplevinga av innverknad kan auke frå ein tilstand på 33, har den mykje større potensiale for å påverke omdømet til kommunen. Vi ser at jamstore kommunar har eit snitt på 43 på dette oppleving av innverknad, så om ein får auka til det same nivået vil totalinntrykket auke med 1, frå 54 til 55.

I resultata ser vi at dei som svarer høgare på informasjon til innbyggjarane, og har eit betre inntrykk av kommunen totalt sett enn dei som svarer lågare på informasjon til innbyggjarane. Jo meir inntrykket av informasjon til innbyggjarane aukar, jo betre inntrykk har ein av kommunen. Slik antar vi at ein auke i ein faktor påverkar ein annan faktor, med 95 % sikkerheit.

Gjennomsnittskår	Tolkning av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten til Florø?



Viktige faktorar som bør styrkast:
Kollektivtilbodet

Viktige faktorar som bør bevarast:
Kulturtilbodet
Handels- og servicetilbodet
Bustadtilbodet

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten


Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **sentrumsattraktiviteten**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med **sentrumsattraktiviteten**. Spørsmålet er «*Det er viktig for kommunen at sentrum er attraktivt. - I kor stor grad synest du at Florø framstår som eit attraktivt sentrum i dag?*»
Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på 0,22 har handels- og servicetilbodet størst effekt på kor attraktivt ein synest Florø er. Inntrykket av kulturtilbodet har og ein relativt stor påverknadskraft på 0,15.

Både kulturtilbodet (generelt i kommunen, ikkje berre det kommunale kulturtilbodet), og kollektivtilbodet, har omtrent lik påverknadskraft, men inntrykket av kollektivtilbodet har ein lågare skår, mot kulturtilbodets nokså gode skår. Vidare ser vi og at moglegheita til å drive næringsverksemd, barne- og ungdomstilbod samt restaurant/uteliv og bustadtilbodet alle har ein klar påverknadskraft på mellom 0,05 og 0,11. Dei har alle ein påverknad på sentrumsattraktiviteten og ein kan ikkje forbetre berre ein faktor og neglisjere dei andre, ettersom forutsetninga i utrekninga er at dei alle påverkar kvarandre.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Kva har påverknad på sentrumsattraktiviteten til Måløy?



Viktige faktorar som bør styrkast:

Restaurant/uteliv
Utdanningstilbod

Viktige faktorar som bør bevarast:

Handels- og servicetilbod
Moglegheita til å drive næringsverksemd

Faktorar som har ein påverknad på sentrumsattraktiviteten

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverknad på **sentrumsattraktiviteten**. Påverknadskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå dei i samanheng med **sentrumsattraktiviteten**. Spørsmålet er «*Det er viktig for kommunen at sentrum er attraktivt. - I kor stor grad synest du at Måløy framstår som eit attraktivt sentrum i dag?*». Tolkinga er elles lik dei tidlegare figurane.

Med en påverknadskraft på 0,22 har kor nøgd ein er med moglegheita til å drive næringsverksemd i kommunen størst effekt på kor attraktivt ein synest sentrum er. Inntrykket av handels- og servicetilbodet har og ein relativt stor påverknadskraft på 0,14.

Vidare har utdanningstilbodet, restaurant/uteliv, samt turisttilbodet ein påverknadskraft på 0,1 og kan dermed påverke kor attraktivt Måløy framstår ein del.

For både Måløy og Florø er det store skilnadar i kor attraktivt ein synest sentrum er, ut i frå kor ein bur. Samla sett vurderer respondentane attraktiviteten til Måløy til 42 og Florø til 53, men dei som bur i området dei vurderer, svarer signifikant høgare enn dei som ikkje bur i området. Det vil seie at attraktiviteten til Måløy er 47 for dei som bur i Vågsøy-området, men 38 for dei som bur i Flora-området. For Florø er attraktiviteten 55 for dei som bur i Flora-området og 43 for dei i Vågsøy-området.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevare
70–79	Godt	Bevare
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svakt	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Topp 10-plassering (siste 10 år)

Kinns resultat i 2025-undersøkinga viser at av 50 moglege er 19 av dei på topp 10-listen over de beste resultata vi har målt i de siste 10 årene.


Plass	Spørsmål	Skår
3	Kollektivtilbod	46,6
3	Psykisk helse og rus	49,1
4	Fastlege- og legevakt	67,4
4	Lokal tilknytning	76,7
5	Restaurant/uteliv	52,7
5	Bustadtilbodet	59,4
6	Jobbmoglegheiter	64,8
6	Sosiale tenester	52,9
7	Tilrettelegging for natur og friluftsliv	79,2
7	Handels- og servicetilbod	56,0
7	Kriminalitet	82,6
8	Vann og avløp*	81,4
8	Nettsida til kommunen	56,9
8	Barne- og ungdomstilbod	51,1
8	Enkel kontakt med kommunen	50,9
8	Klima- og miljøtiltak	53,8
8	Sentrumsattraktivitet (Florø)	53,1
9	Drikkevatnet	88,4
10	Eldreomsorg	51,1

04

Ekstraspørsmål



Bustadar i Florø



Innbyggjarane i Kinn er jamt over ueinige i at det er for stor risiko å kjøpe bustad i Florø. Drygt 4 av 10 er ueinige i påstanden, medan drygt 1 av 10 er einige. Det er store skilnadar mellom områdene i Kinn kommune på dette spørsmålet, der dei som bur i Vågsøy-området oftare vel å svare at dei ikkje veit – 6 av 10 svarar dette.


Dei som bur i Flora-området har derimot oftare tatt stilling til påstanden. 54 prosent svarer at dei er ueinige i at det er for stor risiko å kjøpe bustad i Florø, medan 15 prosent av dei svarer at det er for stor risiko å kjøpe bustad i Florø.

Vi ser ein skilnad ut i frå om ein er tilflyttar eller ikkje, der dei som har budd i området i meir enn 5 år, er mindre einig i påstanden om at det er for høg risiko ved bustadkjøp i Florø, enn dei som er tilflyttar eller har flytta tilbake til Kinn.

Samanlikna med i 2024, er innbyggjarane i Kinn mindre einige i at det for stor risiko å kjøpe bustad i Florø.

Merk at snitt-skåren her viser kor stor grad ein er einig i spørsmålet, då det vil vere same tolking som dei andre spørsmåla i undersøkinga.

Bustadar i Florø



Respondentane fekk deretter eit oppfølgingsspørsmål om dei synest det er god nok tilgang på ulike bustadar i Florø.


Innbyggjarane i Kinn er noko delt i spørsmålet om det er god nok tilgang på bustadar av ulik storleik og prisklasse i Florø. 1 av 4 svarer at dei er einige i at det er god nok tilgang på bustadar av ulik storleik og prisklasse i Florø, og same andel er einige. Dette gjer ein snittskår på 50.

Dei yngste (under 30 år) er i mindre grad einige i at det er god nok tilgang på bustadar av ulik storleik og prisklasse i Florø, samanlikna med dei som er eldre. Også her er det ein skilnad på dei som er tilflyttar og dei som har budd i området ein stund, der dei som har budd i området i meir enn 5 år er meir einige i påstanden enn dei som er tilflyttar.

Det er ingen forskjell på resultata i 2025 og 2024.

Bustadar i Florø

I det forrige spørsmålet svarte du at du synest det er for dårleg tilgang på bustadar i Florø. Kva slags bustadar synest du det er behov for?



Deretter fekk dei eit oppfølgingsspørsmål avhengig av kva dei svarte på spørsmålet om dei synest det er god nok tilgang på bustadar i Florø. Dei som svarte at dei var einige i påstanden fekk ikkje oppfølgingsspørsmålet.


Her kunne dei svare fleire svaralternativ og dei fleste nytta seg av denne moglegheita. Det mest valde svaret er at det trengs fleire einebustadar i Florø, med drygt halvparten som svarer dette, etterfølgt av leilegheiter og alternative, mindre bueiningar.

Samanlikna med 2024 er resultata ganske lik.

Vi ser ein samanheng med alder, der andelen som svarer at det manglar einebustadar reduserast med alder, frå 94 % blant dei under 30 år til 22 prosent blant dei som er 70 år og eldre. Dei i alderen 50–69 år svarer i større grad enn andre aldersgrupper at det manglar og alternative, mindre bueiningar, samanlikna med dei i andre aldersgrupper.

Merk at det her berre er 266 respondentar som har fått dette spørsmålet, då det berre gjekk til dei som svarte at dei synest det manglar bustadar i Florø. Det vil seie at resultata har ein høgare feilmargin enn dersom alle i undersøkinga hadde svart på dette spørsmålet.

Bustadar i Måløy




Drygt 2 av 10 er einige i at det for stor risiko å kjøpe bustad i Måløy, og ein nesten like stor andel er ueinige. 4 av 10 har ikkje tatt stilling til spørsmålet, og har svart «veit ikkje».

Det er mykje det same mønsteret her som for spørsmålet om ein synest det var for stor risiko å kjøpe bustad i Florø, der dei som ikkje bur i området har oftare svart at dei ikkje veit. Det er ein del som har teke stilling til spørsmålet i Vågsøy-området, der 3 av 10 synest det er for stor risiko.

Elles er det ingen grupper som skil seg ut frå nokon andre, og det er heller ingen skilnad i resultata for 2025 og 2024.


Bustadar i Måløy



13 prosent er einige i at det er god nok tilgang på bustadar av ulik storleik og prisklasse i Måløy, og 14 prosent er ueinige.

Vi ser ikkje store skilnadar mellom undergruppene på dette spørsmålet, respondentane svarer relativt likt uavhengig av kjønn, alder og annan bakgrunnsinformasjon. Vi ser i figuren at dei som bur i Flora er i større grad einig i påstanden (skår på 51), enn kva dei som bur i Vågsøy er (46), men dette resultatet er ikkje signifikant. I utrekninga av skåren har berre dei som har svart noko anna enn "Veit ikkje", blitt rekna med.

Bustadar i Måløy



Det mest valde svaret er at det trengs fleire leilegheiter i Måløy, med 6 av 10 som svarer dette, etterfølgt av einebustadar og alternative, mindre bueiningar.


Det er flest i alderen 30–39 år som svarer at det er behov for einebustadar. Totalt 77 prosent av respondentane har valt dette svaralternativet. Av dei som er 70 år eller eldre har berre 6 prosent svart at det manglar einebustadar. Dei under 30 år svarer oftare at det manglar rekkehus, enn kva dei i andre aldersgrupper gjer. 74 prosent av dei under 30 år svarer dette, mot 17–32 prosent i dei andre aldersgruppene.

Samanlikna med 2024 er resultatata ganske like.

Merk at det her berre er 148 respondentar som har fått dette spørsmålet, då det berre gjekk til dei som svarte at dei synest det manglar bustadar i Måløy. Det vil seie at resultatata har ein høgare feilmargin enn dersom alle i undersøkinga hadde svart på dette spørsmålet.

Til- og fråflytting

Kva er dei viktigaste grunnane til at du trur du kjem til å bu i Kinn om 5 år?



Eitt av spørsmåla som høyrer med borgarundersøkinga er kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år. Dei som svarte at det er sannsynleg, dei fekk spørsmål om kva det er som gjer at dei trur dei vil bu i kommunen framover. mogleg til å svare fleire alternativ.

Den klart oftast valde årsaka er familie og vener, der drygt 4 av 5 svarer at det er ein av dei viktigaste grunnane til at dei vil bu i kommunen framover. Det har vore mogleg å svare fleire svaralternativ her og i tillegg til familie og vener, har over halvparten svart at nærleik til naturen og fast jobb er viktig for dei.


Det er nokre aldersskilnadar i kva ein har svart her. Barnehagar og skular og karrieremoglegheiter vart oftast vald av dei under 40 år, og fast jobb er oftast svart av dei under 60. Nærleik til naturen er mest viktig for dei mellom 60–69 år, medan helse og omsorgstenester og kulturtilbodet er mest viktig for dei som er 70 år eller eldre.

Ein større andel av dei som er tilflyttarar og dei som har flytta tilbake, har svart at barnehage og skule er viktig, samanlikna med dei som har budd i området i meir enn 5 år. Dei som er tilflyttar og dei som har flytta tilbake, svarer sjeldnare at helse og omsorgstenester, innbyggjaranes moglegheit til å påverke og kulturtilbodet er viktig, samanlikna med dei som har budd i området i meir enn 5 år.

Dei som bur i Vågsøy-området svarer oftare at helse og omsorgstenester er viktig, samanlikna med dei som bur i Flora-området.

Til- og fråflytting

Kva er dei viktigaste grunnane til at du trur du kanskje ikke kjem til å bu i Kinn om 5 år?



Dei som svarer at det er usannsynleg at dei bur i kommunen om 5 år, fekk spørsmål om kva som gjer at dei trur dei kanskje ikkje vil bu i kommunen framover. Det var mogleg til å svare fleire alternativ. Det er 282 personar som svarer på spørsmålet om kva som gjer at dei kanskje ikkje bur i kommunen om 5 år, mot 749 som svarer på det førre spørsmålet, om kva som er viktig når dei sannsynlegvis skal bli i kommunen. Sjølv om det er litt færre folk på det eine spørsmålet, er det nok folk til at ein har eit greitt grunnlag for å seie noko om befolkninga.

Det hyppigaste valde svaret er at det er innbyggjaranes moglegheit til å påverke lokalsamfunnet, familie og vener og karrieremoglegheiter. Omtrent 3 av 10 svarer dette. Til samanlikning var det berre 4 prosent av dei som svarte at det er sannsynleg at dei vil bu i kommunen om 5 år, som svarte innbyggjaranes moglegheit til å påverke lokalsamfunnet.

Dei yngste (under 30 år) svarer oftare fast jobb, karrieremoglegheiter, det sosiale nettverket, kulturtilbodet og familie og vener som årsaker til at dei ikkje vil bu i kommunen om 5 år, samanlikna med dei som er eldre. Dei i alderen 30–39 år svarer oftare enn dei i andre aldersgrupper at årsaka er barnehagar og skular.

Til sist ser vi at fast jobb, karrieremoglegheiter og kulturtilbodet oftare vert vald av dei som bur i Flora-området, samanlikna med dei som bur i Vågsøy-området.

Sentio Research

Mellomila 56, 7018 Trondheim

post@sentio.no